DEN NORSKE KYRKJA
Hjelmeland kyrkjelege fellesråd

MØTEPROTOKOLL HJELMELAND KYRKJELEGE FELLESRÅD
17.09.26 kl. 15.30 - i møterom på kyrkjekontoret.

Til stades: Leif Ole Terøy, Olav Frantzen, Magnhild Meltveit Kleppa, Sigrunn Hagen Arnesen, Margunn Helgøy, Asbjørg K. Hetlesæter, og Mette Ingvaldstad (sekretær)
Forfall:, Liv Laugaland, Aud Grimstad
Møtande varamedlem: Susanna Poulsson

SAK 00/26 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak:
Fellesrådet godkjenner den utsendte innkallinga og sakliste.

SAK 00/26 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET 05.03.26

Vedtak:
Fellesrådet godkjenner møteprotokoll frå møtet 17.09.26

SAK 20/26 ORIENTERINGAR

Vedtak:
Orienteringar vert tekne til orientering.

SAK 21/26 REKNESKAPSRAPPORT T.O.M. JUNI 2026

Vedtak:
Fellesrådet tek rekneskapsrapporten til orientering.

SAK 22/26 FESTEAVGIFT VED GJENBRUK AV FAMILIEGRAV

Fellesrådet ber kyrkjeverja gå gjennom aktuelle vedtekter for å sjå til at desse blir i samsvar med vedtak.

Vedtak:
Fellesrådet vedtek fritak for festeavgift ved gjenbruk av familiegrav.
Fellesrådet vedtek å gje alle innbyggjarar i kommunen rett til fri grav i 20 år uavhengig om dei tek i bruk ein allereie festa familiegrav eller vel å ta i bruk ei ny grav. Jf. punkt 1 i Gravplassvedtekta.
Vedtaket trer i kraft frå 01.01.2027. Vedtaket har ikkje tilbakeverkande kraft. Det kan ikkje tilbakebetalast for allereie innbetalt festeavgift. Festeavgift blir fakturert for 5 år fram i tid.

SAK 23/26 MINNELUND

Vedtak:
Det blir utnemnd ein komité med 1 person frå kvert sokn og kyrkjeverja. Komitéen skal gå igjennom alle krav som skal til for å etablere minnelund, endring av vedtekter, betaling for festeavgift og utgreie kostnadane med etablering. Komitéen legg fram sak til kommunen. Kommunen vel sjølv om dei vil ha ein representant med i komitéen i første fase eller ikkje.

SAK 24/26 BUDSJETT 2027

Budsjett for drift er vurdert ut frå rekneskap frå 2025.
Tilskot frå kommunen er justert opp med 3,1% i samsvar med kommunal deflator frå KS 2027. Lønsbudsjett er basert på eit tillegg på 3,9% basert på anslag frå SSB.
Pensjonskostnadar er anslag frå KLP. Vedlikehald er budsjettert med kr. 200 000,- til oppgradering brannvarslingsanlegg i Fister og Årdal kyrkjer. Vi vil vente med å oppgradera anlegget i Hjelmeland kyrkje til vi har ein rapport frå det overordna forprosjektet.

Budsjett for investering er basert på tilskot vi vår får kommunen, Riksantikvaren og Kirkebevaringsfondet.

Det er ein del usikkerheit om vi får tilskot på gallerirekkverket i Fister kyrkje frå KBF. Det er difor ikkje budsjettert fullt ut med kr. 300 000,- til investering frå kommunen.

Vedtak:

Fellesrådet vedtek budsjett for 2027 med kommentar.

SAK 25/26 LØNNSNIVÅ I FELLESRÅDET

Vedtak:
Lønsutvalet ved Olav, Magnhild og kyrkjeverja avtalar møte for handsaming av saka.

SAK 26/26 TILLEGGSSAK: SPØRSMÅL SOM GJELD REGISTRERING AV GRAVMINNE

Vedtak:
1. Hjelmeland kyrkjelege fellesråd seier seg glad for at arbeidet med eit forslag til verneplan no er i gong.
2. Verneplanen skal omfatta alle gravplassane som har verneobjekt i prestegjeldet.

3. Fellesrådet legg til grunn at hovuddelen av dei gravminna som vert føreslegne verna, oppfyller ein kombinasjon av kriteria, jamfør skrivet av 26.januar 2024 frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.
4. Det viktige er gravminnet,- plen inntil steinen vert det vanlege. Det vert berre unntaksvis tilrettelagt for blomar.
5. Fellesrådet utpeikar ……. som kontaktpersonar med Marthe Bowitz-Knudsen under arbeidet hennar.
6. Utgifter studenten måtte ha, til reiser eller anna, kan etter søknad dekkast av Hjelmeland kyrkjelege fellesråd.

Vedtak: Punkt 1-6 vedtekne, med følgjande tillegg i punkt 5: Magnhild Meltveit Kleppa og kyrkjeverje vert valde til kontaktpersonar (avklart i ettertid).

SAK 27/26 YMSE

Inga sak er teke opp under ymse